

Årsmelding 2006 – NORDHORDLAND HANDVERK- OG INDUSTRILAG

Årsmøtet for 2005 vart halde på Alver Hotel, laurdag 22. april 2006.
Det var 35 personar til stades, 27 medlemsbedrifter var representerte.

Etter årsmøtet var det foredrag ved Trond Mohn med tittel : "Verdiskaping i Norge".

På ein engasjerande måte vart ein del av prinsippa for Frank Mohn konsernet belyste.

Prisen til "Årets bedrift 2005" gjekk til Statoil Mongstad.
Prisen vart delt ut på årsfesten seinare på kvelden.

Medlemmer:

Betalende medlemmer pr 31.12.06	: 212
Betalende medlemmer pr 31.12.05	: 181 (pr 31.12.04 : 134, pr 31.12.03 : 124)
Nye medlemmer i 2006	: 33 (60 i 2005)
Utmeldingar i 2006 :	: 2 (13 i 2005)

Innmeldingar i 2006: Våge Karosseri AS, Stendal VVS, AS, Reigstad Bygg og Eigedom AS, ADU Ing Atle D Utkilen, RV Risøy & Veland Transport AS, Hjelmsås VVS AS; Sparebanken Sogn & Fjordane, Nomaco AS AGR Mongstad AS, Odfjell Offshore, Storebrand, K. Sætre og Sønner AS, West AS, MPM AS, Skarsvåg Rør og Interiør AS, Knarvik Finans AS, Hella Betongprodukter AS, Byggm. Nils J Solend AS, Gulen og Masfjorden Utbyggingsselskap AS, Bognøy Fiskeoppdrett AS, Sigmund Skråmestø Rørleggerforretning AS, Byrknes Auto AS, Betongentreprenør Terje Dale, Nettstar AS, Bjørsvik Settefisk AS, Firda Sjøfarmer AS, Byggmesterfirma Kolstad & Myksvoll AS, Europcar Bilutleie, Fjordfart 1 AS, Masfjorden Elektro AS, Taule Bygg AS, Marøy Salmon AS.

Utmeldingar i 2006: Myhrens Jernindustri AS og Feie Røykeri AS.
(Frå 01.01.07 utgår SMP Marine AS samt Havstad Tinn AS.)

I perioden 01.01.07 – 15.03.07 har laget fått følgjande nye medlemmer:
Terne AS, Creanor AS, Havforskningsinstituttet/Matre, Frank Mohn Piping AS, Vikingnett AS, Mongstad Kran AS, Takst og Eiendomstjenester AS, A.Gullaksen & Sønner AS, Knarvik Assuranse Geirmund Aarland, Kleopatra Bunadssøm AS, Hatland Invest AS, Brekkestranda Fjordhotel AS, Roslagen AS, Grindheim Maskin & Transport AS, Fønnes Shipping AS, Falck Shipping AS, Lindås Bensin & Service AS, , Byggmester Sveinung Seim AS, Technological Engineering Company AS.

Medlemstalet (pr 10.mars 2007) er no : 226

Styret :

Lars Hellandsjø, formann
Ivar K Johannessen, nestformann
Øystein Hope
Cathrine Dreyer Hermansen
Tor Iversen

Arvid Sulen
Frode M Skaar
Lasse Ståløy
Jonny Titland

Valnemnd:

Øyvind Myhr (formann), Nils Træland og Nils Landro

Revisor:

Svein Hodneland, varamann Oddvar Sundbø

Administrasjon:

Svein M Nordvik har sia 1. september 2004 vore dagleg leiar i laget.

Styret har følgjande utval:

Arbeidsutval:

Lars Hellandsjø (formann), Ivar K Johannessen og Øystein Hope

Næringsutval:

Ivar K Johannessen (formann), Øystein Hope, Tor Iversen, Frode M Skaar, Håkon Nesheim og Audun Rebnor.

Kommunikasjonsutval:

Cathrine Dreyer Hermansen (formann), Arvid Sulen, Hans Wergeland, Roald Olsvold, Janne Hellebø og Odd Steinar Hals

Utdanningsutval:

Lasse Ståløy (formann), Jarleiv Haugland, Jonny Titland, Inge Alver, Magnus Kvingedal og Jo Tømmerbakke.

NHIL har vore representert slik:

Det regionale Næringsutval :

Lars Hellandsjø og Ivar K Johannessen.
Varamenn : 1. Tor Iversen, 2. Øystein Hope

Kompensasjonsfondet :

Øystein Hope og Ivar K Johannessen
Varamenn: 1. Tor Iversen, 2. Trond Helland

Styret for Opplæringskontoret for Nordhordland

Lasse Ståløy (nestformann)

Styret i Mongstad Vekst AS :

Arnt Brandtun (styremedlem)

Styret i Lynheisenteret AS

Anne Sofie Hilland (styremedlem)

Anna :

Formannen og dagleg leiar har representert laget ifm møte lokalt og regionalt.

NHIL har aksjar i Mongstad Vekst AS (20 aksjar, pålydande kr 10' tilsvarande 10 % av AS- kapitalen) samt aksje i Nordhordland Industriservice AS (1 aksje, pålydande kr 1')

NHIL er medlem av Hordaland Olje og Gass (HOG)

Aktivitet:

I 2006 har det vore 9 styremøte og 5 medlemsmøte. I tillegg kjem 2 møte i serien KVA NO?

Styret har hatt 57 saker til handsaming. Mykje av laget sitt arbeid har skjedd gjennom utvala. Dei respektive utvala rapporterer om følgjande:

Næringsutvalet:

Utvalet har arbeidd med følgjande saker:

Forskottering av vegen Åse-Herland.

Det mest synlige resultatet av konkret dugnadsinnsats blant medlemmer i laget går framover som planlagt. Næringsutvalget følgjer utviklinga og ser fram til opning til jul.

Næringskonferansen 4. sept. 2007

I tråd med tidlegare planar har utvalet vore engasjert i planlegging av Næringskonferansen 4. sept. 2007. Tittelen på konferansen vert denne gongen : "Nordhordland - Alliansepartner & Kraftsenter i vekst".

Utvalet ser det som viktig at vi har Næringskonferanse kvart anna år, og trur at dette er med på å setja fokus på Næringslivet i Nordhordland.

Energiverk på Mongstad

Den viktigaste enkeltoppgåva i 2006 har vore å få energiverk på Mongstad og framføring av 12" gassleidning.

Utvalet har vore engasjert på mange hald i denne samanheng og føler at ein har vore ein bidragsytar i prosessen.

Mongstad Vekst A/S

Laget har tatt aktivt del i aktiviteten til selskapet som har ei svært positiv utvikling.

Andre saker

Utvalet har diskutert mange saker i løpet av året og vil nemna følgjande:

1) Vidare oppfølging av "Kva No" møta.

Utvalet er av den oppfatning at regionen ikke er godt nok førebudd på den rivande utvikling som regionen er i.

Utvalet har som mål å setja fokus på næringslivet sine utfordringar i samband med den vidare veksten.

2) Samarbeid med HOG og dialog med Bergens Næringsråd med tanke på å setja Nordhordland på agendaen på lik linje med Sotra & Fjell.

3) Oppdatering av regionen sin Næringsplan.

Denne må synkroniserast med laget sin oppdaterte strategiplan.

Næringsutvalet har vore representert i det Regionale Næringsutvalet samt i styret for Kompensasjonsfondet.

Til slutt vil Næringsutvalet takka for hjelp og støtte gjennom året, og ser fram til vidare godt samarbeid.

Kommunikasjonsutvalet:

Kommunikasjonsutvalet har i 2006 arbeidd med desse sakene:

1. TRYGGARE STYRING :

Føremålet med leiarnettverket ”Tryggare Styring” er å gjera deltakarane betre som leiarar. Det skal utviklast gjennom 4 samlingar i året med eit fagleg innhald, og i ei ramme som gjer det sosialt triveleg og derved byggjer nettverk.

Dei 4 samlingene i 2006 var :

Medio februar : ”Dialogteknikk og gode samtalar” v/Jan Spurkeland

Primo juni : ”Hvordan spare kostnader i gode tider ?” v/Stein Lavik og Johnny Olsen (Bedriftscase : GC Rieber AS)

Medio september : ”Belønningsmodeller” ved Bjørn Helge Gundersen, AFF

Medio november : ”Hvordan skape suksess ?” ved Christine Meyer, NHH (Bedriftscase : Bergen Kino)

Dei som er deltakarar i leiarnettverket, er verksemda sin daglege leiar, eventuelt avdelingsansvarleg. Frå 1. januar 2007 er talet deltakarar 44, følgjande er nye: På denne nettsida viser registreringar ca 40 søk dagleg.

Rigmor Helle Dahl, Grieg Logistic AS, Oddbjørn Jacobsen, Frank Mohn Flatøy AS, Baste Tveito, D& F Group AS og Jan P Dybedal, Mongstad Elektro AS, Frå samme dato gjekk desse ut : Frode Natland, D&F Group AS og Rune Fanebust, Manger Seafood AS.

I 2006 har Cathrine Dreyer Hermansen og Lasse Ståløy vore kontaktpersonar for nettverket.

For 2007 er kontaktpersonene : Asle Hindenes, Janne Hellebø og Henning Haugland.

Meir informasjon om Tryggare Styring finn du på nettsida www.nhil.no.

2. MEDLEMSMØTE

Vi har i 2006 hatt følgjande 5 medlemsmøte:

1. mars 2006 : Frukostmøte/Alver : Pensjonsreforma

13. juni 2006 : HMS Møte på NUTEC : Den første tiden på skadestedet

3.oktober 2006 : Frukostmøte, Alver : Kva kan Innovasjon Norge tilby?

17. oktober 2006 : Mediahandtering, Westland hotell

22. nov 2006 : Nye energi, Statoil Mongstad

3. KURS

Hausten 2005 starta NHIL følgjande 2 kurs :

- a. Styrearbeid (17deltakarar) (Ansvarleg for kursinnhald : Bergen Consulting Group AS)
- b. HMS kultur (23 deltakarar) (Ansvarleg for kursinnhald : Nutec AS)

Kursa vart avslutta i 2. kvartal 2006. Begge kursa hadde eit godt fagleg innhald, tilbakemeldingane ved kursslutt var gode. Kursa vart gjennomførde med støtte frå Kompensasjonsfondet.

Det vart gjennomført dagskurs i Mediahandtering 8. november, Gunnar Vetlejord var fagleg ansvarleg. Dette kurset vil bli gjentatt hausten 2007.

4. SPØRJEUNDERSØKING

Våren 2006 vart det gjennomført ei spørjeundersøking blant medlemmene. Føremålet var gjennom 10 spørsmål å få tilbakemeldingar på pluss/minus til lagets arbeid.

Lagets aktivitetar vert oppfatta positivt. Vidare styrking av HMS arbeidet (på forskjellige nivå) vert ønskt vidareført. Det kom også klart fram ønske om sterkare engasjement i arbeidet med Næringsutvikling. Styret ser det som ei viktig oppgåve å skapa engasjement hjå flest mogleg av våre medlemmer.

5. ÅRSMØTE OG ÅRSFEST

Arrangementa vart gjennomførde laurdag 30. april. For årsfesten var det ny deltakarrekord med 86 påmelde. Inge Alver heldt ein inspirerande festtale om kompetanse.

6. LAGSTUR TIL RIGA

Lagsturen til Riga vart gjennomført 4. – 6. oktober, også den med ny rekordpåmelding: 85

Vi hadde eit fint opplegg med så vel byvandring, sightseeing og bedriftsbesøk. Latvia ber preg av å ha store kontrastar. I ei tid der vi ønskjer innflagging, var det nyttig å sjå dei utfordringar som ligg i det motsette.

7. STRATEGIARBEIDET

Vår gjeldane Strategiplan er fram til 2008, men dei fleste sakene er alt løyste. Det vart derfor bestemt at vår nye Strategiplan skulle ha tidshorisont frå 2007 fram til 2012.

Utvalet har vore opptatt av å skapa engasjement. Derfor vart oppgåvene fordelte i hovudtema og tilsvarande grupper. Arbeidet starta ultimo 2006 og plenumssamling 24. januar 2007.

Utvalet meiner at det har vore ein god prosess som gir eit svært godt grunnlag for laget sitt arbeid dei nærmaste åra.

Utdanningsutvalet:

Utdanningsutvalet har arbeidd med fylgjande saker det siste året:

1. Rådgjevarlaget

Utdanningsutvalet har vore ein pådrivar når det gjeld å få til eit rådgjevarlag der rådgjevarar i ungdomskuletrinnet er målgruppa. Rådgjevarlaget skal arbeida for at skulen/rådgjevarane får meir informasjon om næringslivet og motsett. Verksemdene har vore for lite aktive, og det må ein vesentleg betre systematikk til slik at rådgjevarane kjenner næringslivet sitt behov og moglegheiter. Informasjon må gjevast regelmessig via rådgjevarsamlingane der rådgjevarane på dei vidaregåande skulane vert inkluderte. Rådgjevarlaget har hatt fleire møte siste halvår i fjor, og har planlagt møte utover våren 2007. På møtet 6 februar deltok 32 personar – alle skulane i regionen var representerte, noko som lover veldig bra. Neste møte vert 17. april.

2. Romjulsarrangementet

Dette vart arrangert om kvelden på utestaden Garveriet i Isdalstø den 29 desember 2006.

Føremålet med arrangementet var å knyta kontakt mellom næringslivet i Nordhordland og elevar som har gått ut frå Knarvik og Austrheim vidaregåande skular dei siste fire åra. Målgruppa er dei som no studerer eller ynskjer å få arbeid i Nordhordlandsregionen.

800 personlege invitasjonar blei sende ut tidleg i desember til arrangementet, og 15 verksemdar stilte opp for å profilera seg og fortelja om muligheiter og fordelane med å arbeida i Nordhordlandsregionen. Arrangementet varte frå kl. 19.00 til 22.00, og det vart servert forfriskingar og pizza til studentane. Etterpå var det underhaldning med Bjørn Jensen i Salusvinskvetten.

Målet var at mellom 100 og 150 tidlegare elevar skulle vitja arrangementet, men talet blei rundt 30.

Evalueringa av romjulsarrangementet gav fylgjande kommentar:

- Dei av verksemdene som har meldt tilbake, har gitt uttrykk for at opplegget må gjennomførast på nytt.
- Lokalet i Garveriet fungerte greit
- Bedriftene gjorde ein veldig god jobb
- Det vart ikkje nokon "heilaften" av opplegget slik vi såg for oss.
- Bør dei som har fagbrev også inkluderast?
- Vi bør få med siste års elevar fra vidaregåande skular (no var det dei siste 4 årskulla)
- Marknadsføringa var ikkje god nok då berre rundt 30 kom. Mogeleg å få til ei oppringing til kvar enkelt i forkant.

Konklusjon :

Tiltaket skal repeterast i 2007 som Romjulsarrangement, men vi forsøker gjennomføring på dagtid. (la det bli ei "jobbmesse" for studentar/elevar) Skulane registrerer mobilnr og e-postadresse på elevar som går ut heretter. Dei fram møtte studentane får melding pr e-post med ynskje om evaluering/tilbakemelding.. Arbeidet vidare med Romjulsarrangementet er ei prioritert oppgåve for utdanningsutvalet våren 2007.

Rådgjevar Jo Tømmerbakke blei nytt medlem i utdanningsutvalet i 2006, noko som bidrar til auka forståing mellom næringsliv og skulane.

3. Kompetansekurs i Hydraulikk

I samarbeid med Knarvik Vidaregåande skule/verksemdar har vi fått til eit hydraulikkurs. Behovet blei avdekka då fleire verksemdar etterlyste slike kurs, og at det pr i dag ikkje er noko utdanning som dekkjer dette behovet på ein tilfredsstillande måte. Kurset er rekna til rundt 100 undervisningstimar og går i regi av Knarvik Vidaregåande skule. Kurset starta den 24. januar og vil bli ferdig mot slutten av vårsemesteret. 23 personar var påmelde til 15 plassar. Opplegget er lovande og eit godt eksempel på løysingar av behov i samspel mellom skule og næringsliv. Endeleg mål er eit fagtilbod av 1 års varigheit og som er myndigheitsgodkjent.

4. Ymse

I dialogen rundt nye oppgåver for utdanningsutvalet for våren 2007 vil fylgjande oppgåver vera prioriterte:

- Få avklaring på spørsmålet om kurskoordinering (Kven skal gjera kva?). Behov for ny kompetanse i regionen.
- Behov for informasjon/oppfølging av "Prosjekt til fordjuping" samt "Programfag til val"
- Behov for å påverka verksemdene si kompetanseplanlegging.
- Følgja opp "Rådgjevarlaget"
- Utarbeida ein plan for "Romjulstreffet 2007"

I tillegg til utvalsmøta har formannen i utdanningsutvalet deltatt på :

- styremøte i Opplæringskontoret for Nordhordland
- juryen for kåring av beste elevbedrift i samband med Utdanningsmessa 2005.

UTTALELSAR FRÅ NHIL

Det har vore møte med HSD vedgåande direkte flybussamband til Flesland. Saka er framleis uløyst.

Hausten 2006 vart det sendt brev til Statens Vegvesen med oppmodning om ny trase for ferjesambandet over Fensfjorden, samt fornying av ferja.

Vi har, saman med andre regionale næringsforeiningar, gitt tilslutning til uttale om kor viktig det er å få Arnatunnelen bygd.

Vi har også gitt positiv uttale om Tverrsambandet til Askøy.

ØKONOMI

Årsresultatet for 2006 viser eit overskot etter finans på kr 60.999,-. Det har ikke vore nødvendig å trekkja på disposisjonsfondet. NHIL har som mål å vera sjølvfinansierende. Medlemskontingenten skal vera eit betydeleg bidrag til finansieringa.

Sparebanken Vest har i 2006 gitt NHIL tilsagn om kr 500.000,-. Desse midlane skal brukast til beste for næringslivet i vår region. Styret er gitt fullmakt til å disponera midlane.

Sparebanken Vest har ein visjon om å vera ei drivkraft for utvikling av samfunns- og næringslivet på Vestlandet og gir årleg betydelege beløp til allmenntilgjengelige formål. Vi er svært takksame for dette tilsagnet, og styret tar det som eit uttrykk for at det arbeid som laget gjer, også har ein verdi for samfunnet.

SLUTTORD

Med Regjeringa sitt vedtak fredag 13. oktober 2006 om å gi konsesjon til Statoil for bygging av Energiverk på Mongstad (EVM) og Olje- og Energidepartementets beslutning om påkoplingsmulighet for greinrør i Fensfjorden og 12 tommars dimensjon på gassrøret, er viktige milepælar nådd.

I dette arbeidet har NHIL bidradd som pådrivar saman med mange gode krefter. Det kan gi naturgass til både Mongstadorrådet og Sløvåg/Sogn og Fjordane. Ved at det nye Energiverket (som skal produsera både varme og straum) skal ha reinsing frå 2014, vil dette krevja utvikling av teknologi. Dette har vi store forventningar til gjennom at ny kompetanse kan utviklast. Byggestart på anlegget var i januar 2007, anlegget skal vera ferdig i 2010.

Også betydeleg ny aktivitet på industriområdet til Mongstad Vekst AS (mellom Statoil og Mongstadbase) gjer heile området til eit betydeleg vekstsenter minst dei neste 10 åra.

BKK sine planar for eit kraftverk i området synest også no å vera realiserbare.

I denne samanheng er det riktig å peika på dei møte som vi har hatt med det politiske miljø.

(KVA NO?) Eit nytt møte i denne serien var planlagt til 14. mars 2007 for å setja lys på kva forventningar samfunnet har til dei 15 – 20 milliardane som skal brukast på Mongstad framover.

Det er også viktig å få belyst kva samfunnet må leggja til rette. Møtet 14. mars er utsett inntil vidare fordi den rapporten som Hordaland fylkeskommune har fått utarbeidet, inntil vidare er konfidensiell.

Vår erfaring så langt er at regionen ikke er i forkant, korkje med tilrettelegging for bumiljø eller god samferdsle/annan infrastruktur.

Det er derfor gledeleg at laget sitt initiativ for forskottering av Espeland – Herland er synbart. Gjennomslag på tunnelen var 22. februar 2007 og framdrifta tilseier kjørbar veg til jul.

Vi er svært bekymra for at kommunane ikkje vert samde om ”Nordhordlandspakken”. Det vil vera svært negativt for den vidare utviklinga.

Det kan synast som om løysingsorienterte og framtidsretta forslag har dårlig grobotn, der det å hevda eigen kommunes syn er viktigare enn godt samarbeid om regionen si utvikling.

Styret har tatt initiativ til – og gjennomført - eit møte med Lindås kommune/Formannskapet, der desse problema vart belyst. Vi ventar no på tilbakemelding vedrørande formalisering av eit samarbeid.

Vi har i 2006 også følgd opp ”INNFLAGGING”. Konkret har vi medvirka til etablering av ein prosjektmedarbeidar-stilling i Masfjorden kommune, der arbeidsoppgåva er å utreda/initiera tiltak for større busetjing i Masfjorden..

NHIL vil 4. september 2007 igjen arrangera ”NÆRINGSKONFERANSEN ” på Mongstad med undertittel : ” Nordhordland – Alliansepartner og Kraftsenter i vekst ” Programmet er no klart – det blir ein nyttig dag!

NHIL meiner at det gode samarbeidet som er mellom skulane og oss er blitt vidareutvikla gjennom året.

Til slutt skal arbeidet med Strategiplanen omtalast. I dette arbeidet er over 30 medlemmer blitt involvert, og mange gode forslag, som skal bidra til å gi både Nordhordland og Gulen eit løft, har kome fram. Vi ser fram til Årsmøtet si behandling av denne.

Styret meiner at NHIL gjennom året har markert seg tydeleg – og på ein positiv måte bl.a i lokalavisene. Tilsetjing av dagleg leiar i 2004 har bidradd til eit betydeleg løft av NHIL.

- det at lagets arbeid vert synleggjort
 - det at NHIL i sitt 35. år når ny medlemsrekord
 - det at vi vert lytta til
 - det at vi vektlegg samarbeid også med andre næringsorganisasjonar lokalt og i Bergensområdet samt det politiske miljø på fleire nivå
 - det at den gode flaggsaka vår ”Åse – Herland ” vert ferdigstilt i 2007
- gjer at vi som lag aldri har stått sterkare.

Alt dette lovar svært godt for den vidare utvikling av Nordhordland Handverk- og Industrilag.

Styret vil til slutt få takka alle som har vore med og arbeidd for laget og medlemsverksemdene.